



Tilbod om undervisningsopplegget Bibelsporet

Bibelsporet er eit metodisk undervisningsopplegg tilpassa dagens læreplanar. Opplegget er tilrettelagt for 4. og 5. trinn i grunnskulen. Det inviterer til aktiv elevmedverknad og dekkjer fleire kompetansemål i KRLE-faget.

Bibelsporet er eigd av Bibelselskapet, som sertifiserer kyrkjelege tilsette til å vere gjestelærarar ved dei lokale skulane sine. Dette skjer innanfor ramma av skule-kyrkje-samarbeidet. Sidan 1997 har 11 % av norske skuleelevar over heile landet vore gjennom kurset.

I løpet av fire skuletimar får elevane ei unik oversikt over samanhengen i Bibelen, med fokus på dei forteljingane som har vore med på å forme kulturen vår. Det er fire pedagogiske berebjelkar som gjer opplegget svært attraktivt:

- Spanande bibelforteljingar som blir formidla munnleg av ein engasjert instruktør
- Eit morosamt hefte med oppgåver i ulik vanskegrad
- Ein hugselapp med nøkkelord som held oppe framdrifta gjennom heile Bibelen
- Elevmedverknad i form av enkle dramastykkje med rørsler

Undervisningsopplegget er ikkje forkynnande og bryt ikkje med §14-5 i opplæringslova frå august 2024. Sertifiseringa av kyrkja sine tilsette har tydeleg fokus på dette forbodet, og det blir teke omsyn til det i forteljeteknikkar og i ordval ved formidlinga.

Målet med Bibelsporet er å presentere Bibelen frå perm til perm. Undervisninga gir kjennskap til kristen kulturtradisjon og ei oversikt over samanhengen mellom forteljingane i

Bibelen. Bibelsporet formidler forteljingar frå jødisk tradisjon (Tanakh) og frå kristen tradisjon, gjennom historiene frå Det gamle og Det nye testamentet.

Bibelsporet er relevant for kjerneelementa i faget, som Kjennskap til religionar og livssyn, under spesifiseringa: «Faget skal gi kunnskap om og forståing for kristendom og andre religionar», «Utforsking av religionar og livssyn med ulike metodar» og «Evne til å ta eit anna perspektiv».

Gjennom Bibelsporet lærer barna om plassen kristendommen har i samfunnet og får innblikk i korleis Bibelen vart til. Undervisninga har òg som mål å løfte fram forståinga av litteratur, kunst og kultur i lys av Bibelforteljingane.

Vi håper skulen dykkar er interessert i tilbodet frå oss. Vi ser fram til å få kome på besøk!

Med helsing

I samarbeid med:  **Bibelselskapet**